

Mandat for lokal reisemålsleiing og reiselivsforum

Fjordkysten og Sunnfjord

Forankring

Lokal reisemålsleiing er forankra i følgjande strategiske dokument:

- Vegkart for Reiseliv Fjordkysten og Sunnfjord, [Vegkart for reiseliv 2025-2030 – Visit Fjordkysten & Sunnfjord](#)
- Kommunale planverk, inkludert samfunnsplanar, næringsplanar og andre relevante dokument knytt til reiselivsutvikling

Formål

Lokal reisemålsleiing er eit rådgjevande og koordinerande organ for kommunen, reiselivsnæringa og lokalbefolkninga, inkludert frivillige lag og foreiningar. Dette omfattar òg hamneselskap på reisemål med cruiseanløp.

Målet er å:

- Sikre ein lokalt forankra operativ struktur
- Utøve ei samla leiing av reisemålsutviklinga med fokus på økonomisk, miljømessig og sosialt balansert utvikling
- Bidra til å oppfylle måla i relevante kommunale planar
- Sikre implementering av Vegkart for Reiseliv Fjordkysten og Sunnfjord
- Vidareføre arbeidet med Merket for berekraftig reisemål

Forventa effektar:

- Ei berekraftig reiselivsutvikling i regionen med fokus på verdiskaping og lønsemd gjennom heile året
- Styrka samarbeidet mellom næringsliv, kommune, lokalsamfunn og frivillige for auka verdiskaping i reiselivsnæringa

Organisering

Reisemålsleiinga og reiselivsforum fungerer som samarbeidsarenaer for å oppnå visjonen og måla for reisemålet. Der det er hensiktsmessig, blir det skilt mellom:

- Reisemålsleiing: Eit definert organ med operativt ansvar
- Reiselivsforum: Eit ope møtepunkt for alle interessentar

Reisemålsleiinga er samansatt av:

- Ordførar og kommunedirektør / evt. kommunalsjef med ansvar for reiseliv
- Ein representant frå Destinasjonsselskapet
- Hamneselskap (der dette er relevant)
- To - tre representantar frå Reiselivsnæringa

- Ein representant frå frivilligheit/lokalsamfunn

Relevante aktørar i reiselivsforumet:

- Reiselivsaktørar og besøksnæring
- Kommunen
- Næringssselskap eller tilsvarande
- Frivillige organisasjonar og lag
- Bygde-/grendalag
- Handelsnæring
- Utbyggjarar
- Eigarar av fritidsbustadar
- Innbyggjarar

Sekretariatsfunksjon

Det vert i løpet av første halvår 2025 avklart kven som skal vere sekretariat for reisemålsleiinga i kvar kommune. Sekretariatet har ansvar for:

- Innkalling og protokollføring av møter
- Planlegging og koordinering av opne møter
- Saksførebuing i tråd med årleg handlingsplan
- Rapportering og dokumentasjon

Årshjul

Reisemålsleiinga møtest minimum kvartalsvis, med møtehyppigheit tilpassa behov. Minst to av møta skal vere utvida reiselivsforum, ope for alle interessentar.

1. Sesongførebuing
2. Vertskap og turistinformasjon
3. Evaluering
4. Rapportering og oppdatering av handlingsplan

Oppfølging og implementering

- Arbeidet er forankra i Vegkart for Reiseliv Fjordkysten og Sunnfjord*
- Reisemålsleiing er etablert i kvar kommune, og vert formalisert i løpet av første halvår 2025
- Handlingsplanen definerer prioriterte tiltak og fordele ansvarsområde innan kvart utviklingsfelt
- Lokal reisemålsleiing skal òg følgje opp egne prioriteringar

Vedlegg

1. Destinasjonsleiing Fjordkysten og Sunnfjord

Kjelder og relevant litteratur

1. [Vegkart 2025-2030 – Visit Fjordkysten & Sunnfjord](#)

2. [Standard for Berekraftig reisemål](#)
3. [Indikatorer for reisemål med cruiseanløp \(K\)](#)
4. [NOU 2023:10 "Leve og oppleve – Reisemål for ei berekraftig framtid"](#)
5. [Nasjonal reiselivsstrategi 2030](#)
6. [Veikart for reiselivsnæringa](#)
7. [Reiseliv 2030 - En forsknings- og innovasjons strategi for reiselivsnæringen](#)